



Informasjonshefte

2023-2024



Folkestad barnehage

Innleiing

I dette informasjonsskrivet vil de finne noko av det de treng å vite når de har barn i Folkestad barnehage.

Innhaldet for kommande barnehageår vert konkretisert i barnehagen sin årsplan.

Nytt barnehageår startar **tysdag 1.august 2023**

Vi ser fram til eit godt samarbeid i året som kjem!

God sommar til alle 😊

Folkestad



Veronica Preus

Styrar

Folkestad barnehage



Lov og avtaleverk

Barnehagen blir drive etter:

- ◆ Lov om barnehagar med føreskrifter (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>)
- ◆ Rammeplan for barnehagen, 01.08.17 (<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>)
- ◆ Stortingsmeldingar som omhandlar barnehagar
- ◆ FN's barnekonvensjon (<https://www.fn.no/om-fn/avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>)
- ◆ Kommunale vedtekter
- ◆ Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst i Volda kommune. Denne gjeld fram til vi får ny og oppdatert kvalitetsplan.
- ◆ Smittevernlova (<https://www.helsedirektoratet.no/tema/smittevern>)

Adresse og telefonnummer

Folkestad barnehage

Dalsfjordvegen 4235

6120 Folkestad

Avdelingstelefon: 481 25 259

Styrar telefon: 475 04 787

e-post: styrar.folkestad@volda.kommune.no kjem ny til hausten.

Eigar

Volda kommune

Samarbeidsutval/arbeidsutval/foreldreråd

Samarbeidsutvalet i barnehagen er samansett av:

- 1 representant frå foreldra
 - 1 representant frå personale
 - 1 representant frå Volda kommune
- Styrar i barnehagen er skrivar

Samarbeidsutvalet sine oppgåver:

- vere eit samarbeidsorgan for foreldra, personalaet og eigar
- godkjenne årsplanen
- uttale seg i saker som vedkjem barnehagen

Arbeidsutvalet

- vi har dei siste åra hatt eit arbeidsutval..
- Foreldrerådet kan sjølv avgjere om dei ynskjer å opprette eit arbeidsutval (FAU)
- Oppgåver:
 - arrangør eller med-arrangør på fester, avslutningar og dugnad i barnehagen

Foreldrerådet for barnehagen er sett saman av foreldre/føresette til barn i barnehagen. Foreldrerådet sin funksjon er å fremme samarbeid mellom heim og barnehage. Rådet kan ta for seg saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen. Rådet har uttalerett i slike saker.

Nasjonalt foreldreutval for barnehagar. <http://www.fubhg.no/>

Vigilo

All kommunikasjon til og fra barnehagen går gjennom Vigilo. Det er viktig at alle føresette lastar ned Vigiloappen i Apple store eller Google play. Her kan de legge inn både fråvær og sende beskjeder til barnehagen.

Helseerklæring

I Barnehagelova § 23 står det at alle barn som skal starte i barnehagen må legge fram erklæring om helsetilstand før dei kjem i barnehagen for første gang. Dersom barna har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan de foreldre fylle ut skjema sjølv. Skjemaet skal fyllast ut i Vigilo. Her leggjast også inn eventuelle allergiar o.l.

Sjuke barn

Barnehagen fylgjer råd frå helsetenesta lokalt og helsedirektoratet.

Barn som er sjuke, skal haldast vekk frå barnehagen. Omgangssjuke og diare: barna skal haldast vekk frå barnehagen i 48 timer, dette av omsyn til barna sjølve og smitefare. Når barna blir sjuke i løpet av dagen tek vi kontakt. Gi derfor melding om endringar i telefonnummer og liknande. På nettsida til Norsk helseinformatikk kan de sjølv gå inn å lese anbefalingar. <https://nhi.no/familie/barn/barnehage-syke-barn/?page=all>

Smittevern

Folkestad barnehage følgjer anbefalte smittevernreglar.

[Barnehage, syke barn - NHI.no](#)

Barn i krise

I løpet av livet vil alle oppleve kriser. Mange barn opplever det tidleg i barndommen.

Om barnet har opplevd eller opplever noko som er vanskeleg heime, er det viktig at de informerer barnehagen slik at vi kan møte barnet der det er og støtte det. Fortel oss gjerne korleis de ynskjer at barnehagen skal støtte. Det er naturlig at barn beskyttar foreldre om dei ser at noko er vanskeleg. Da er det godt å kunne snakke med ein voksen i barnehagen.

Vi har teieplikt.

Krisreaksjonar hos barn kan skyldast

- alvorlig sjukdom eller død i familien eller i nær omgangskrets
- skilsmiss og flytting
- at noen i barnehagen mister foreldre, søsken, eller at noe skjer med tilsette eller andre barn i barnehagen
- at barnet trur at foreldre, søsken eller det sjølv er i fare
- ulykker eller andre kritiske situasjonar barnet ser eller hører om
- skremmande hendingar som blir formidla i mediar

Legg ved lenke til foreldrehefte «når barn opplever kriser og sorg»

Kjelde: [Kriser og sorg i barnehagen \(udir.no\)](#)

Forsikring av barn i barnehagen

Volda kommune har forsikra alle barn i barnehagen i KLP forsikring.

Samarbeidspartnalar

- Oppvekst
- Andre barnehagar i Volda kommune
- Andre sektorar i Volda kommune
- TSG (Tverrfagleg samhandlingsgruppe)
- Helsestasjonen
- Ressursteamet
- Barnevernet
- PPT
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk
- Barnehabilitering
- Høgskulen i Volda
- Folkestad skule
- Folkestadtun (Livsgledebarnehage)

Opningstider

Barnehagen er ope måndag til fredag, kl. 0730-1630.

Barnehagen har i tillegg eit tilbod om utvida opningstid. Søknad om utvida opningstid må sendast til styrar. I søknaden må det vere dokumentasjon frå arbeidsgivarane, dei dagane som blir søkt om utvida opningstid, om at de ikkje rekk å levere/hente mellom 0730 og 1630.

Det vil bli laga til eit behovsretta tilbod for dei som har rett til utvida opningstid. Barna skal elles ikkje ha lengre oppholdstid enn maks 9 timer pr. dag . (jf. Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Volda kommune §6).

Dersom barna blir henta for seint... ring og meld i frå. Både barn og personell blir bekymra.

Ved for sein henting er dette kostnaden for dei føresette:

Inntil ein halv time etter påmeldt tidsrom eller stengetid : kr. 150,-

Mellan ein halv time og ein time etter påmeldt tidsrom eller stengetid : kr. 300,-

Planleggingsdagar for 2023/2024

- 07. august 2023
- 18. august 2023
- 04. oktober 2023
- 10 .mai 2024
- 14 .juni 2024

NB!! Noter ned dagane.
Barnehagen er stengt

Ferie

I Volda kommune er alle barnehagar stengt i veke 28,29 og 30.

I vedtektene § 8 står det:

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren. Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar. Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05. inneverande år.

Skjema angåande ferieavvikling vert levert ut i april gjennom Vigilo med svarfrist 1.mai.

Jul og påske

Jule- og nyttårsaftan er det stengt.

Onsdag før skjærtorsdag er det ope til 12.

Det blir sendt ut ferieskjema på Vigilo til jule- og påskeveka.

Organisering av dagen

Kl. 07.30:	Barnehagen opnar
Kl. 08.00:	Frukost og frileik
Kl. 09.00:	Gruppedeling. Oppstart aktivitetar
Kl. 11.00:	1.måltid
Kl. 11.30-12.00:	Bleieskift og legging
Kl. 12.00-14.00:	Leik ute
Kl. 14.00:	2.måltid
Kl. 1430-15.00:	Bleieskift
Kl. 15.00-16.30:	Leik inne/ute

Matordning

Frukost: Dei barna som ikkje et heime, tek med mat, mjølk blir servert i barnehagen. Frukost varer fram til ca. kl. 9.

Vi serverer to måltid pr. dag, ca. kl. 11 og ca. 14.

1.måltidet: varierer vi med havregraut, smørbrød, omelett/eggerøre og varmmat ein dag i veka. Til brødmats-måltid har vi pålegg t.d.: Kaviar, brunost, kvitost, leverpostei, makrell i tomat, kjøtpålegg, majones samt grønsaka som agurk, tomat, paprika.

2.måltidet: eit mindre måltid, som vi variera mellom knekkebrød, biola med gryn, maiskaker, grove kjeks, skorper eller restemat frå førre måltid, med frukt til dessert.

Matpengar betalast ut i frå kor stor plass barna har i barnehagen, beløpet kjem fram på barnehagerekninga dykkar.

Det finnes retningslinjer for mat og måltid i barnehagen.

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/retningslinjer-for-mat-og-maltider-i-barnehagen> Disse retningslinjene fokuserer på sunn mat og lite sukker/fett. Det er eit mål at mat i barnehagen skal fremme gode kostvanar og helse. Vi ynskjer at frukosten barna har med seg er sunn og næringsrik.

Samarbeid med Folkestad skule

Vi har planlagt og spontant samarbeid med skulen heileåret. Vi lånar gymsalen ein gong i veka, uteområde (ved normal drift), eit klasserom når vi treng det og eit eiga samarbeid når det gjeld skulestartarane og tilvenning til skulestart. Volda kommune har eigne rutinar for overgang barnehage-skule som følgast.

Samarbeid med Folkestadtun

Folkestad barnehage har meldt seg på som livsgledebarnehage. [Livsgledebarnehage - Livsglede for Eldre](#). Skulestartarane har ulike aktivitetar ilag med dei eldre kvar 4. måndag. Dei som ikkje søv i barnehagen har songstund ilag med dei eldre kvar 4.torsdag.

Tradisjonar

- Fødselsdagsfeiring
 - Vi feirar bursdagen til barna i barnehagen. Vi lagar krone, har spesielle bursdagsaktivitetar, pyntar langbord og ei bursdagssamling der vi syng bursdagssongar og sender opp «rakettar».
- Julelunsj for barna
- Adventsfest
- Lucia – Vi går i Lucia-tog opp til Folkestadtun.
- Karneval
- «Russeaktivitetar» eller «skulestartaktivitar» for dei som skal over i skulen. Vi tek opp med skulstartaranes føresette om barna skal feire rosaruss eller ikkje.
- Sommarfest i samarbeid med arbeidsutval. Fest der foreldra tek med alt dei treng (mat, drikke, sitteunderlag, etc).

Levering og henting

Grunna barnas sikkerheit ber vi alle om å parkere nede ved parkeringsplassen ved levering og henting av barn i barnehagen.

I bringe- og hentesituasjonar overtek foreldra ansvaret når dei har tilkalla barnas merksemd og vist at barna har blitt henta. Eit av personalet må alltid bli gjort merksam på at barnet/a er henta.
Spesielt viktig når barna nyttar arealet mellom barnehagens inne- og uteområde.

Ved sosiale arrangement utanfor vanlig opningstid har foreldra ansvar for eigne barn.

Sosiale arrangement i barnehagetida har foreldra medansvar. Personalet må ta seg av dei barna som ikkje har foreldre/evt. andre familiemedlemmar til stades, i tillegg til mykje ekstra praktisk arbeid som sosiale arrangement førar med seg.

Leikar med heimanfrå

I utgangspunktet er det ikkje lov å ha med leikar i barnehagen. Dersom nokon likevel har med leikar må dei ligge på hylla.

Kosebamse/koseklut som skal ligge i vogna er lov.

Vår, sommar og haust er det ofte sykling utanfor barnehagen. Tradisjonen er at dei som vil kan ha med sykkel i barnehagen. Barnehagen har ein sykkel og ein hjelm til utlån i tillegg til mange balansemopedar og anna køyretøy. I tillegg til syklar er det enkelte som vel å ha med ski om vinteren. Det er ein stor fordel at barna har prøvd litt på ski før dei har med i barnehagen.

Private syklar og ski kan stå att ute i barnehagen, men vi gjer dykk merksame på at det er på eige ansvar og eventuelle skader/tjuveri blir ikkje erstatta.

Kle og utstyr i barnehagen

Vi er ute uansett ver (nesten), det er derfor viktig at barna har klede etter forholda og alltid tørt skift.

Utstyrsliste:

- o Drikkeflaske (flaskane må kunne vaskast oppvaskmaskin)
- o Innekle
 - o 2 x bukse
 - o 2 x genser
 - o 2 x body/ t-sjorte (og truse for dei som ikkje bruker bleie)
 - o 2 x strømpebukse/stilongs
 - o 2 x sokker
 - o (Innesko - frivillig)
 - o Bleier (ikkje up and go) + evt sinksalve.

- Vår/sommar/tidlig haust
 - barna må vere ferdigsmurt med solkrem om morgonen. Vi smørar ut på dagen. Vi har «Cosmica kids active» solkrem i barnehagen. Dersom barnet ikkje toler vår solkrem tek dykk med høveleg solkrem til eige barns bruk.
 - Tynn lue
 - Regnvottar
 - Tynne fleecekle/ullkle til å ha under regnkle kalde dagar
 - Regnkle (utan fòr, todelt)
 - Parkdress (tynn dress)
 - Støvlar
 - (Goretex/vasstette joggesko om de har).
 - Joggesko
 - Tynn buff
 - Shorts
 - T-skjorte
- Sein haust / vinter /tidlig vår
 - 2 x varme huer
 - 2 x vottar (gjerne eit par med regnvottar)
 - Varmkle (heil eller todelt)
 - Tjukkelestær
 - Buff
 - Vinterdress
 - Regnkle
 - Cherrox
 - Vintersko
 - Kuldekrem

Hugs å sjekke kle av og til og ta med heim til vask.
Vottar må sjekkast kvar dag.

NB! Alle kle skal vere merka

Brann

Vi har brannvern-veke kvar haust (veke 38) og brannøving 2 gongar i året. Barnehagen har eiga instruks for evakuering.

I dei tilfelle brannalarmen går er barna opplærd til å gå rett ut og ned til gapahuken. Dette øver vi på.
Ved ein reell brann blir barna evakuert bort til Folkestad skule

Informasjon/dokumentasjon av arbeidet

Tilvenningsbrev: vert sendt ut til alle nye som skal gå i barnehagen.

Informasjonsskriv: Generell informasjon om barnehagen.

Bli kjend samtal: Denne samtalen fyller føresette ut før dei kjem til barnehagen første dag.

Oppstartssamtale: ca. 2-3 veker etter oppstart med si kontaktperson

Årsplan: Det blir kvart år utarbeida ein årsplan. Planen er eit arbeidsdokument for personalet og eit pedagogisk informasjonshefte for dykk foreldre. Årsplanen skal godkjennast av SU. Årsplanen blir sendt ut elektronisk på Vigilo

Periodeplan: Det bli sendt ut planar. Desse planane gir de foreldre litt info om kva som skal skje. Periodeplanen er ikkje detaljert og det vil alltid vere rom for endringar.

Evaluering av periodeplanar: evaluert på personalmøte.

Foreldremøte: kvar haust har vi foreldremøte der foreldre kan komme med innspel til kva dei ynskjer barna skal gjere i barnehagen. Foreldremøte om våren blir heldt dersom det er eit ynskje frå foreldra eller personalet.

Foreldresamtalar: Tilbod om foreldresamtale to gongar i løpet av året. Tilboden kjem i Vigilo eller ved samtale i barnehagen. Dersom dykk ynskjer foreldresamtale utanom, ta kontakt!

Nesten all informasjon fra barnehagen blir sendt elektronisk, dette for å spare miljø, tid og pengar.

Personalalet for barnehageåret 2023/2024

Styrar:

Veronica Preus (40% administrasjon)

Pedagogisk leiar:

Synnøve Berg-Rusten Grevstad (100%)

Therese M. Lillenes (60%)

Barnehagelærar:


NN (100%)

Assistentar:

Guro T. Eikrem (100%)

Mona Skålerud (80%)

Hege Helland (60%)



Til slutt delar eg:

10 FORELDREVETTREGLAR (VFB)

- 1.** La barnet protestere utan at du føler deg avsist. Barn må setje sine eigne grensar, og nokre gongar blir det gjort med krasse utsegn. Det går som oftast fort over igjen.
- 2.** Vent ikkje at barnet alltid skal vere blid og glad. Barn har mange følelsar, og alle må få komme til uttrykk
- 3.** Gje ikkje etter overfor barnet berre for å unngå bråk. Barn følar seg trygge når det er grenser og rammer rundt dei. Men dei må også få utfordre grensene for å vere heilt sikre.
- 4.** La barnet føle at det er viktig. Barn har eit stort behov for å føle at det er viktig for foreldra. Barn veks på kjærleik og utfordringar
- 5.** Ver sannferdig overfor barnet. Barn har ofte vanskeleg for å skilje sant frå usant. Løgnar forvirrar barnet og gjer at det mister tilliten til deg.
- 6.** Hald avtalar med barnet. Barn føler seg makteslause om du brytar avtalar utan god grunn
- 7.** Ikkje skremm barnet unødig. Nokre gongar er det naudsynt å åtvare barnet mot farlege situasjonar, men barn skal ikkje skremmast til lydighet.
- 8.** Le med og ikkje av barnet. Barn er stolte og kan bli djupt såra når dei føler seg latterlege. Le gjerne med barnet; humor er bra.
- 9.** Hugs å rose barnet ditt. Oppmuntring og gode ord motiverer barnet til samarbeid. Positiv støtte styrkar barnets sjølvfølelse og skapar pågangsmot.
- 10.** Hugs at du er eit forbilde for barnet.

Hugs at du alltid skal vere større, sterkare, klokare og god.

Når det er mogeleg; følge barnets behov.

Når det er naudsynt; ta tak/leie barnet.

(tryggleiksirkelen)

